

1 **4. klasse på nynorsk!**

2 I dag blir nynorsk i liten grad nytta i samfunnet utanfor dei store nynorskområda.
3 Samstundes blir bokmål i aukande grad nytta både i og utanfor nynorskland. Denne
4 valdsame bokmålsdusjen over heile landet gjer det vanskeleg både å vere nynorskbrukar, og
5 å vere bokmålsbrukar som skal lære seg nynorsk.

6 For å lære seg eit språk er det svært viktig å nytte språket og bli eksponert for det i mange
7 samanhengar over tid. Ved å ha fokus på nynorsk over eit heilt skuleår vil dette hjelpe
8 elevane til å bli gode nynorskbrukarar.

9 Elevane som allereie har nynorsk som hovudmål blir i stor grad eksponerte for bokmål, noko
10 som kan gjere dei usikre på språket sitt. Samstundes blir bokmålelevane i liten grad
11 eksponerte for nynorsk i det daglege. Soleis er det naudsynt at alle 4.-klassingar – uavhengig
12 av hovudmål – har eit år der alt er på nynorsk. Nynorskbrukarane for å bli tryggare i språket
13 sitt, og bokmålsbrukarane for å lære seg nynorsk ordentleg. Ei slik ordning skal ikkje gjelde
14 for elevar som har fritak frå opplæring i sidemål.

15 Dess yngre ein er, dess enklare har hjernen for å ta inn og lære seg eit nytt språk. Difor er det
16 viktig at nynorsk blir ein gjennomgåande raud tråd for alle 4.-klassingar.

17 Senterungdomen vil:

- 18 • Innføre eit «nynorskår» i 4. klasse.
- 19 • At alle skulefag skal vere på nynorsk i 4. klasse.
- 20 • At 4.-klassingar skal ha alle læremiddel og tavlespråk på nynorsk.

21

22 Innsendt av Møre og Romsdal Senterungdom